


NOTAT 3/23:

Dei interkommunale politiske råda kan styrke samarbeidet på Vestlandet

Av Tommy Aarethun



Innholdsliste

Innholdsliste.....	2
Innleiing.....	3
Metode.....	5
Kva er eit Interkommunalt politisk råd (IPR)?.....	5
Funn frå spørjeundersøking	9
Døme: Råda si rolle i pågåande NTP-prosess.....	14
Utfordringar for dei interkommunale politiske råda.....	15
Moglegheiter for dei interkommunale politiske råda	17
Avsluttande drøfting og konklusjon.....	18

Innleiing

Vestlandet består av 92 kommunar fordelt over tre fylke. For å utvikle landsdelen, må samarbeidet på tvers bli betre. For at Vestlandet skal samla utgjere ein maktfaktor mot hovudstadsområdet, må kommunane finne felles interesser og i større grad tale med éi røyst.

Interkommunale politiske råd (IPR) er ein plattform for slikt samarbeid.

Den nye kommunelova frå 2018 har ført til drøftingar og debattar kring ei rekkje av desse råda. Både kva gjeld medlemskap og prioriterte oppgåver. Vidare har også kommunesamanslåingar ført til eit endra landskap.

I dette notatet ser vi på korleis interkommunale politiske råd fungerer på Vestlandet og korleis dei kan fungere betre. Vi presenterer fire hovudfunn frå undersøkinga, og vi kjem med fire anbefalingar til korleis ein kan utvikle om utvikle råda for framtida.

Sentralt i notatet er ei spørjeundersøking sendt ut til alle ordførarane i landsdelen. I tillegg har vi studert ei rekke mediasaker og nettsider for å supplere og betre kunne forstå og forklare det inntrykket som går fram av resultatet frå sjølve undersøkinga.

Vidare har vi særskilt sett på prosessen med innspel til ny Nasjonal Transportplan (NTP) våren 2023 for å sjå korleis dei ulike råda vert nytta og arbeider i ein slik prosess. Det syner seg å vera ganske ulikt.

Samarbeid og arbeidet med å skape og utvikle arenaer som mogleggjer samarbeid er viktig om Vestlandet skal kunne vera ein velfungerande region, og ein maktfaktor. Vi vonar dette notatet kan vera eit lite bidrag til dette og at alle som er medlem av, interessert i, eller ynskjer å få meir kunnskap om arbeidet i råda kan finne interesse i notatet.

Hovudfunn frå undersøkinga

- 1. Arbeidet i dei interkommunale råda har blitt viktigare i inneverande valperiode, ifølgje ordførarane*
- 2. Ordførarar ynskjer ikkje at interkommunale råda skal få større avgjerslemynde i framtida.*
- 3. Dei interkommunale politiske råda vert opplevd som ein viktig arena for å drøfte regionale saker.*
- 4. Dei interkommunale politiske råda bidreg til eit styrka samarbeid i regionane. Potensialet er særskilt stort for samfunnsutviklarrolla og som felles interesseorgan.*

Anbefalingar for utvikling av råda

- 1. Alle kommunar bør delta i eit råd, slik at råda kan få ei meir formalisert rolle som bindeledd mellom ulike forvaltningsnivå.*
- 2. Råda bør få ei meir formell rolle på einskilde område, til dømes som koordinerande innspelsorgan.*
- 3. Råda bør arbeide for meir openheit og merksemd, og slik styrke den demokratiske funksjonen til organet.*
- 4. Utvikle organisasjonsforma og sikre ein administrasjon med kompetanse på kjerneområda.*

Metode

Vi har kartlagt oppfatningar blant ordførarar om deira kommunar si deltaking i IPR. Dette gir innsikt frå dei som sit i møta og representerer innbyggjarane i kvar kommune.

Vi sendte spørjeskjemaet til alle ordførarar og kommunedirektørar på Vestlandet for å kartlegge dei administrative og dei politiske meiningane kring dette arbeidet. I alt 92 ordførarar og 92 kommunedirektørar vart spurte, med svarfrist 31.01.2023.

Tabell 1 - Oversikt over respondentar

	Talet på spurte	Talet på svar	Prosent
Ordførar	92	50	54,3%
Kommunedirektør/administrativ	92	26	28,2%

Sidan svarprosenten blant dei administrativt tilsette berre er 28,2% har vi valt å berre studere og presentere funna frå svara blant ordførarane i dette notatet. Tre av dei 50 ordførarane som svarte har svart at dei ikkje er del av eit interkommunalt politisk råd, og desse tre svara er difor ikkje ein del av resultatata som vert presentert.

I tillegg til resultatata frå spørjeundersøkinga har vi gjort eit kvalitativt arbeid der vi har sett på nokre saker og medieoppslag om dei interkommunale politiske råda.

Vidare har vi også nytta ein god del tid på å gå gjennom nettsider og offisielle dokument for å få oversikt. Dette for å supplere det intrykket og dei funna som kjem fram gjennom spørjeundersøkinga.

Kva er eit Interkommunalt politisk råd (IPR)?

Interkommunale politiske råd er regulerte gjennom kommunelova sin paragraf 18-1.¹ Råda er nok for mange best kjent som regionråda, noko mange av råda framleis heiter.

¹ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83/KAPITTEL_6-2#§18-1

I 2018 utarbeidde Geir Vinsand ved NIVI analyse ein rapport om regionråd. Det var på bestilling frå det dåverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet, i samband med arbeidet med ny distriktsmelding. ².

I rapporten kjem det med anna fram at ein har vore gjennom ei tid med «*demokratisering, profesjonalisering og formalisering*» og at «*den regionale utviklingsrollen gis høyere prioritet og ser ut til å ha være avgjørende for nyetablering av flere regionråd*» ³.

Rapporten slår også fast at ein «*observerer ein trend mot intern todeling av regionrådenes roller*», der politikarane orienterer seg mot samfunnsutviklar-rolla. Det finnast i dag ei rekkje ulike typar IPR, både kva gjeld organisering, storleik og arbeidsform.

I arbeidet med den nye kommunelova er regionråda omtala og drøfta. Her vart det også slått fast at «*Regionråd er en politisk samarbeidsform mellom kommuner som i hovedsak tar seg av grenseoverskridende oppgaver som kommer i tillegg til de ordinære oppgavene kommunene har ansvaret for.*» og at «*Et regionråd kan drøfte viktige politiske saker som også kan ha betydning for hvordan kommunene stiller seg til regionalpolitiske spørsmål. Etter utvalgets oppfatning er det viktig å regulere regionråd i kommuneloven for å klargjøre at kommunelovens regler om møteoffentlighet, saksbehandling mv. også gjelder for møter i regionrådets organer. Dette er viktig blant annet av hensyn til åpenhet og demokratisk deltakelse.*» ⁴

Interkommunale politiske råd på Vestlandet

Det er i dag 13 slike råd på Vestlandet, med stor variasjon i storleik og karakter. Hardangerrådet IPR og Dalane IPR er dei to minste med fire medlemskommunar kvar, medan Sunnmøre Regionråd IPR er det største med heile 14 medlemskommunar.

Råda har ulike organisasjonsformer. Nokre av råda faste sekretariat med egne tilsette,

² http://www.nivianalyse.no/wp-content/uploads/2021/02/NIVI_rapport_2018_3_Regionrad_i_Norge_1.pdf

³ <https://www.kommunal-rapport.no/administrasjon/regionrad-bli-mer-profesjonelle/22255/>

⁴ NOU 2016: 4 Ny kommunelov side 203, pkt. 18.6.5.:

https://www.regjeringen.no/contentassets/9da72a7f8f38486e81509be0b2f4818b/no/pdfs/nou201620160004_000dddpdfs.pdf

medan andre råd har valt å leggje sekretariatsfunksjonen til ein skilde medlemskommunar. I tillegg er det ein tredje modell der sekretariat er lagt til eit selskap (vekstselskap / IKS). Ressursar og arbeidsform påverkar råda sine moglegheiter til å arbeide med prosjekt over tid.

I dag er 82 av 92 kommunar på Vestlandet med i eit interkommunalt politisk råd. Fordi det ikkje er lovpålagt å delta i IPR og ti kommunar står utanfor, avgrensar dette kva formell rolle råda kan ha.

Følgjande kommunar på Vestlandet er i dag ikkje med i eit interkommunalt politisk råd:

Bergen (Vestland)	Askøy (Vestland)
Voss (Vestland)	Stavanger (Rogaland)
Bjørnafjorden (Vestland)	Sola (Rogaland)
Samnanger (Vestland)	Randaberg (Rogaland)
Øygarden (Vestland)	Kvitsøy (Rogaland)

At nokre kommunar vel å stå utanfor samarbeid av denne typen kan vera eit uttrykk for at dei meiner at oppgåver som ligg til desse råda best kan i varetakast på andre måtar eller på eigenhand, og at felles interesser i regionen ikkje er store nok til at samarbeid er hensiktsmessig. Dette går med anna fram av saksframlegget i Voss heradsstyret i samband med drøftingar knytt til Voss herad si deltaking i Hardangerrådet etter fusjonen mellom Voss herad og Granvin kommune i 2020:

«Erfaringa frå tidlegare er at i mange saker, til dømes samferdsel eller lokalisering av statlege arbeidsplassar er konfliktane internt i regionen større enn dei felles interessene og det er vanskeleg å stå samla. Eit ferskt døme er nasjonal transportplan der Hardangerrådet berre klarte å einast om ein veldig generell uttale, og kommunane lagar sine egne uttalar.»

- Sitat frå sak om vurdering av Voss herad si deltaking i Hardangerrådet frå 2021⁵

Nokre kommunar deltek i råd som ikkje fell inn under definisjonen på eit interkommunalt

⁵<https://opengov.360online.com/Meetings/VOSSHERAD/File/Details/213816.PDF?fileName=Vurdering%20av%20deltaking%20i%20Hardangerr%C3%A5det%20fr%C3%A5%202021&fileSize=1239840>

politisk råd. Bergen, Voss, Bjørnafjorden, Samnanger, Øygarden og Askøy er med i Bergensalliansen, som er *ein politisk møteplass* for kommunar i storbyregionen Bergen og omland. Regionrådet Bergensregionen vart vedteke oppløyst i mai 2010 og den nye alliansen erstatta rådet.⁶ Det er byrådsleiaren i Bergen som leiar alliansen, og ein administrativt tilsett i Bergen kommune er tilsett som dagleg leiar i denne alliansen.

Tidlegare var eit samarbeid knytt til spesielt næringsutvikling i Stavangerregionen organisert i organisasjonen *Greater Stavanger*. Organisasjonen bestod av 13 kommunar og Rogaland fylkeskommune, men vart avvikla ⁷. I dag er arbeidet med desse tinga i stor grad overført til kommunane sjølve, men på nokre felt og i konkrete saker finn ein ulike former for samarbeid.

Følgjande kommunar på Vestlandet deltek i dag i to interkommunale politiske råd:

Kinn (Vestland)	Etne (Vestland)
Bremanger (Vestland)	Sveio (Vestland)
Stad (Vestland)	Suldal (Rogaland)
Gloppen (Vestland)	Sauda (Rogaland)
Stryn (Vestland)	Vestnes (Møre og Romsdal)

Ambisjonane til dei ulike råda er også av stor interesse. Til dømes skriv det nyskipa Fjordane Interkommunale Politiske Råd (FIPR) i sin utviklingsplan at rådet vil «*vera langt meir politisk orientert enn dagens regionråd*». Vidare listar dei opp ei lang rekkje saker og tiltak dei vil vera særskilt opptekne av. Ei gjennomgangsmelodi for desse er at dei knyt seg til nye Vestland fylkeskommune, og regionen sine interesser opp mot den nye eininga.

Det er ein trend at nokre råd har byrja å samarbeide med kvarandre. Hardangerrådet og Sogn Regionråd har hatt felles møter. «*Hardanger og Sogn har mykje til felles og dei tolv ordførarane ser føre seg mange område å samarbeide om. Kraft, industri, reiseliv og*


⁶ <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bksak/2010132464-2829932/Invitasjon-til-deltakelse-i-Bergensalliansen-vedleggsdokumenter-til-dok-2>

⁷ <https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/na35Gx/slik-skal-de-samarbeide-etter-greater-stavanger>

rassikring vart trekt fram på felles rådsmøtet.»⁸ Denne typen samarbeid og fellesmøter mellom ulike regionråd med felles interesser tilfører ein ekstra dimensjon til dette landskapet.

Funn frå spørjeundersøking


Vi har spurt ordførarane på Vestlandet om korleis dei vurderer nytta av å delta i interkommunale politiske råd.



Figur 1 - Har samarbeid i IPR blitt viktigare i inneverande valperiode (2019-2023)?

Over halvparten av respondentane at dei meiner at samarbeid gjennom IPR har blitt viktigare i inneverande valperiode (2019-2023) (figur 1). Det kan vera eit uttrykk for at stadig fleire ser verdien av samarbeid, men det kan også seiast å vera eit uttrykk for at kommunane står ovanfor stadig større og meir komplekse oppgåver som det er naudsynt å samarbeide om.


⁸ <https://www.sogn.regionraad.no/vil-bli-ei-sterk-politisk-kraft.6336596-159325.html>



Figur 2 - Bør IPR får meir avgjerslemynde i framtida?


Mange er skeptiske til at IPR skal få meir avgjerslemynde i framtida (figur 2). Dette kan også sjåast på som eit uttrykk for at det er særskilt innanfor den nemnte samfunnsutviklar-rolla ein ser føre seg at rådet kan spele ei rolle, i kraft av å vera ein arena for å drøfte ting som omhandlar dette på tvers av kommunegrensene.

I undersøkinga vart ordførarane også bedne om å ta stilling til seks påstandar knytt til deira deltaking i råda.



Figur 3 – Påstand: Rådet er viktig for å styrke samarbeidet internt i regionen.

Det mest eintydige svaret er at regionråda bidreg til å styrke samarbeidet internt i regionen (figur 3). For ordførarar fungerer råda som ein verdifull møteplass, der dei kan sjå eigen kommunes utfordringar i ein større samanheng. Store delar av Vestlandet er òg fordelt på naturlege regionar med ein nokon lunde felles identitet, som Hardanger og Sunnmøre. IPR bidreg til at den felles identiteten og dei felles interessene i større grad kan få ein politisk dimensjon.




Figur 4 – Påstand: Rådet er ein viktig arena for å drøfte regionale saker.

Tilsvarande meiner ordførarane at rådet er ein viktig arena for å drøfte regionale saker (figur 4). Dette kjem nok delvis som eit resultat av at dette er ein av få arenaer der ein drøfter regionale saker på tvers av kommunane.


Sjølv om ordførarane er tydelege på at råda er viktige for samarbeidet, syner dei andre svara at det er mindre klart om dei klarar å utnytte det samarbeidet i praksis. Ein ting er samarbeidet internt mellom kommunane, i form av å drøfte saker mellom kvarandre, noko anna er kva resultat det gir eksternt.

Svara tydar på at det i mindre grad er tilfelle. Vi har spurt ordførarane om det styrkar regionen sin posisjon i forhold til andre regionar (figur 5), og om det er viktig som bindeledd

opp mot fylkeskommunen (figur 6). Særskilt på sistnemnte spørsmål er det eit klart forbettringspotensial.




Figur 5 – Påstand: Rådet bidreg til å styrke regionen sin posisjon i forhold til andre regionar.



Figur 6 – Påstand: Rådet er viktig som bindeledd opp mot fylkeskommunen.


Råda set kommunane i betre stand til å samarbeide, men når det gjeld interessekampar, anten regionale eller nasjonale, er det ting som tydar på at det er eit potensiale for at samarbeidet kan bere større frukter. Dette kan typisk vera i saker der ulike regionar kjempar om økonomiske midlar eller om å kome høgaste opp på ei prioriteringsliste – som til dømes i arbeidet med samferdsleprioriteringar, eller skulestruktursaker.

I spørjeundersøkinga stilte vi også eit ope spørsmål til ordførarane, og i dette materiale svarmaterialet går det fram at fleire meiner det er nokre utfordringar knytt til dialogen opp mot fylkeskommunen, som i stor grad knyter seg til ulike organisering og mandat for regionråda.



Figur 7 – Påstand: Ein greier å lande felles prioriteringar på vegne av regionen i rådet.

På spørsmål ved om ein greier å lande felles prioriteringa på vegne av regionen i rådet (figur 7) er svaret ganske positivt, og heile 35 av dei som har svart seier at ein *i stor grad* greier dette.



Figur 8 – Påstand: Rådet bidreg til at min kommune får auka påverknadskraft.

På spørsmålet som handlar om rådet si påverknadskraft (figur 8) er svara noko meir blanda. 14 svarer *nøytral* og to svarer *i liten grad* på dette spørsmålet. Likevel er det også her relativt

mange som meiner at kommunen deira får auka si påverknadskraft gjennom deltakinga i rådet, kontra om ein hadde stått aleine.

At svara varierer meir på dette spørsmålet kan både vera eit uttrykk for ein faktisk variasjon mellom ulike råd og regionar, men det kan også vera at ulike kommunar har ulike opplevingar av i kva grad deltaking i råda fører til auka påverknadskraft.

I sum syner tala at alle meiner at råda er viktige og bidreg til samarbeid og felles forståing for regionen, men det er langt større variasjon i om det fører til meir gjennomslag og betre resultat i møte med andre aktørar.

Døme: Råda si rolle i pågåande NTP-prosess

For å sjå på korleis råda utøver den rolla i praksis, har vi sett på den pågåande prosessen med Nasjonal Transportplan (NTP). Det er regjeringa som utformar planen, og der er fylkeskommunane dei klart viktigaste lokalpolitiske høyringsinstansane. Det er langt meir interessant for regjeringa kva vegprosjekt eit samla Rogaland ynskjer seg enn kva Sola aleine ber om. Fram mot at fylkeskommunane vedtek sitt høyringsinnspel, har alle høve til å melde inn sine vurderingar til fylket. Vår gjennomgang av innspela som har kome, avdekkjer ein stor skilnad i korleis kommunane går fram i den prosessen.

Høyringsinnspel NTP	Tal på innspel	%-andel av kommune/råd i fylket
Rogaland		
<i>Kommunar</i>	18	78,26,%
<i>Interkommunale politiske råd</i>	0	0,00%
Møre og Romsdal		
<i>Kommunar</i>	12	46,15%
<i>Interkommunale politiske råd</i>	2	66,60%
Vestland		
<i>Kommunar</i>	14*	32,50%
<i>Interkommunale politiske råd</i>	5	83,33%
* Sauda kommune i Rogaland har i tillegg til dei 14 sendt innspel til Vestland fylkeskommune		

Figur 9 – Oversikt over innspel til vestlandsfylka sitt arbeid med NTP.

Langt frå alle råda har tatt ein rolle som felles høyringsinstans opp mot fylkeskommunen. Det er store skilnader mellom fylka, der særleg Rogaland skil seg ut ved at ingen av råda har samla seg om felles innspel.

I dei to andre fylka ser ein at ein har gått for ein hybridmodell, der ein både har spelt inn via nokre av dei interkommunale politiske råda og via kommunane sjølve.

Ut av dette kan ein lese at det vil vera føremålstenleg å klargjere råda si rolle i ein slik prosess. For fylkespolitikarar vil det vera ei utfordring.

Utfordringar for dei interkommunale politiske råda

Til dei interkommunale politiske råda knyt det seg både moglegheiter og utfordringar. Det er viktig at utfordringane vert synleggjort og drøfta, og der utfordringane er store og hemmar arbeidet i rådet i stor grad bør ein søke å gjera grep for å møte desse.

Ikkje alltid felles interesser

Berre fordi to kommunar er naboar, betyr ikkje det at dei alltid har felles interesse. I mange tilfelle er det tvert imot. Det kan vere traséval på eit vegprosjekt eller nedlegging av politikontor, og i slike sakar kan det vere vanskeleg å nytta regionråd til felles samarbeid. Det er fleire døme på at slike interessekonfliktar har skada samarbeidet i råda.

Skulle ein forsøke å presse fram ei uttale frå råda når slike prosessar går, risikerer ein at små kommunar kjenner seg overkøyrd. Dette gjer det sjølvstøtt vanskeleg for råda å alltid vere ei klar, samla røyst i vanskelege saker.

Råda er konsensusdrevne og ein arena for drøfting, ikkje fleirtalsvedtak. Den klare attendemeldinga frå ordførarane er nettopp at råda er ein viktig arena for å drøfte og samarbeide, og det kan òg gjelde når sakene er vanskelege. Også dei gongene når ein ikkje lukkast med å einast om ei felles uttale i ei betent sak kan drøftingane i rådet ha stor verdi.

Lite merksemd i media

(Råda bør arbeide for meir openheit og merksemd, og slik styrke den demokratiske funksjonen til organet.)

Dei interkommunale politiske råda er lite omtala i media. Lokalaviser dekker i langt større grad debattar som skjer i kommunestyre og formannskap, enn kva dei gjer med saker som vert sett på agendaen i dei interkommunale politiske råda. På sett og vis er dette kanskje naturleg, all den tida råda i stor grad er drøftingsorgan der ein ynskjer å skape ein arena der saker kan drøftast på tvers av kommunar. Omsynet til transparens og demokrati knytt til arbeidet i råda er ikkje ukjent, og var med anna omtala i forarbeidet til ny kommunelov i 2016. Der argumenterte utvalet som arbeida med dette for at dei dåverande regionråda burde regulerast i kommunelova for å klargjere at lova sine reglar knytt til møteoffentlegheit, sakshandsaming mv. også gjeld for møter i rådet ⁹.

Likevel ville det vore ei styrke for råda sin posisjon og for forankring av arbeidet i rådet hjå befolkninga at ein i større grad var opne om, og dermed fekk større merksemd kring arbeidet i råda.

Mangel på formell rolle

At råda ikkje har ei formell rolle vert av fleire peika på som ei utfordring. Tankane går fort i retning av at råda kan verta oppfatta som «sandpåstrøingsorgan» og «supperåd», både av dei som deltek og eksterne. Dette kan påverke både arbeidet i rådet og statusen råda har.

Det er også interessant å sjå på rådet si manglande formelle rolle i lys av arbeidet med å spele inn til den pågåande NTP-prosessen. Her ser ein at dei tre fylka på Vestlandet har valt å gjera dette på ulikt vis, og dette må kunne seiast å vera eit uttrykk for manglande klargjering av rolle.

⁹ NOU 2016: 4 Ny kommunelov side 203, pkt. 18.6.5.:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/9da72a7f8f38486e81509be0b2f4818b/no/pdfs/nou201620160004000dddpdfs.pdf>

Moglegheiter for dei interkommunale politiske råda

Ved å gripe fatt i dei utfordringane som kjem fram, kan dei interkommunale politiske råda spele ei viktigare rolle. Det krev arbeid både frå kommunane og fylkeskommunane.

Alle kommunar bør delta i eit råd, slik at råda kan få ei meir formalisert rolle som bindeledd mellom ulike forvaltningsnivå

I arbeidet med dette notatet går det tydeleg fram at råda vert sett på som viktig for å drøfte regionale saker. Når det gjeld resultatet av dette, og i kva grad arbeidet fører til konkrete resultat er det ting som tyder på at det er eit uforløyst potensiale.

Gjennom å tydeleggjere råda si rolle, blant anna som bindeledd mellom forvaltningsnivåa og som brikke i prioriteringss spørsmål, vil ein «tvinge» råda til å måtte finne saman om felles prioriteringar. I ein del saker gjer ein allereie dette, men vi meiner dette sporet kan styrkast betydeleg dersom ein gjev råda ei meir formell rolle i til dømes prosessar som å spele inn regionale innspel og prioriteringar til ein NTP-prosess.

Ein slik modell vil kunne gjera arbeidet med å fylkesvis velje ut regionale prioriteringar enklare, og samstundes kan det vera med på å bidra til at prioriteringar og avgjersler står seg over tid. I dag er eit felt som dette i stor grad prega av omkampar og at kommunane fokuserer på sine egne prosjekt, og i mindre grad prega av felles heilskaplege regionale interesser.

Råda bør få ei meir formell rolle på einskilde område, til dømes som koordinerande innspelsorgan.

I mange saker ser ein at kommunar innanfor ein region uttaler seg på vegne av seg sjølve, utan å tenke på større regionale omsyn. Råda er, og resultata i dette notatet syner at dei vert opplevd som, ein viktig arena for å drøfte regionale saker.

Vi trur det vil vera ein styrke for arbeidet i råda om ein drøftar korleis ein i større grad kan framføre budskap utad med éi røyst, og på den måten hente ut potensiale som ligg i dette. Organisering og formalisering av rolla til råda er også eit viktig bidrag inn i dette. Til dømes

kan ein sjå føre seg ein modell der det er dei interkommunale politiske råda, og dermed den som til ei kvar tid er valt som leiar saman med administrative ressursar, som vert invitert til å tale på fylkeskommunale innspelsmøter i ein prosess som NTP-prosessen. På denne måten kan fylkeskommunane bidra til å styre desse prosessane, og potensielt også sikre at kommunane i ein region i større grad talar med ei felles røyst. Dette vil igjen kunne gjera arbeidet til mottakarane av budskapet (i dette tilfelle administrasjon og politikarar på fylkeskommunalt nivå) enklare.

Utvikle organisasjonsforma og sikre ein administrasjon med kompetanse på kjerneområda.

Ei endring som sikrar at alle regionråda har ein fast administrasjon som innehar naudsynt kompetanse til å sakshandsame og arbeide med saker innanfor utvalde og aktuelle fagområde vil kunne vera eit viktig bidrag til å sikra auka lokal innflyting.

Vi trur dette er eit naudsynt grep for at ein skal kunne flytte oppgåver og dermed også ansvar ned til regionråda innanfor utvalde saker. Ein kan argumentere for at desse oppgåvene kan løysast av ressursar i medlemskommunane, men vi trur det vil vera ei styrke for arbeidet at råda innanfor dei mest sentrale områda har ein administrasjon som innehar kompetanse sjølve. Eit interkommunalt politisk råd med eigne tilsette som arbeider på fulltid med å koordinere og fremje arbeidet til eit råd ha potensiale til å ta ei langt meir aktiv rolle ovanfor ein fylkeskommune enn kva eit råd der sekretariatsfunksjonen er lagt til ein av deltakarkommunane har høve til.

Dette vil også gjera sakshandsaminga meir uhilda, noko som vil vera viktig i saker der ein skal kome fram til felles regionale interesser på tvers av kommunegrenser.

Avsluttande drøfting og konklusjon

Funna i dette notatet gjev grunnlag for å konkludere med at dei interkommunale politiske råda på nokre områder er ei regionalt kraft, og at det finnast eit potensiale til å utvikle denne rolla. Både utfordringar og moglegheiter knytt til råda er presentert og drøfta ovanfor. Gjennom å adressere og løyse desse tinga vil ein kunne gjera eit viktig bidrag til å styrka samarbeidet på Vestlandet.

Eit viktig bakteppe for dette er innblikket i korleis arbeidet i desse råda fungerer, og korleis det vert opplevd frå lokale folkevalde si side. Med bakgrunn i våre funn er det grunnlag for å seia at *arbeidet i dei interkommunale råda har blitt viktigare i inneverande periode*. Det er eit interessant funn, som kan vera eit uttrykk for fleire ting – og som i tillegg reiser nokre spørsmål.

Kommunar står ovanfor stadig større oppgåver, knytt til både dei lovpålagte tenesta og rolla som samfunnsutviklar. Dette er godt dokumentert i ei rekkje ulike rapportar og utgreiingar, sist no nyleg av Generalistkommuneutvalet¹⁰.

At ordførarane seier at dette arbeidet vert sett på som viktigare i inneverande valperiode må kunne seiast å vera eit uttrykk for at dei meiner at samarbeid vert stadig viktigare i møtet med dei stadig veksande utfordringane. Dette vert også understøtta av svara på påstandane knytt til i kva grad rådet vert opplevd som *ein viktig arena for å drøfte regionale saker* og påstanden kring i kva grad råda bidreg til å *styrka samarbeidet i regionen*. I sum gjev desse svara grunnlag for å peike på råda som eit viktig samarbeidsorgan i regionane.

At denne typen arbeid synast å verta stadig meir viktig bør også reise nokre spørsmål knytt til dette arbeidet. Dersom ein nyttar desse råda til stadig viktigare drøftingar knytt til kommunar og regionar si utvikling er det viktig at ein i ein større forvaltningsmessig kontekst sikrar at både informasjonsflyt og forankring ned mot dei einskilde kommunar er gode. Eit av tiltaka Generalistkommuneutvalet foreslår i sin rapport er ein *aktiv politikk for interkommunale samarbeid*¹¹. Funna i dette notatet kan tyde på at ein også bør ha ein meir aktiv politikk for dei interkommunale politiske råda framover. I dette notatet presenterer vi nokre funn og anbefalingar som ein slik debatt kan ta utgangspunkt i.

Sjølv om arbeidet i råda synast å ha vorte viktigare i inneverande valperiode og at råda vert sett på som viktige for det regionale samarbeidet tyder funna i vårt arbeid på at råda *ikkje bør få større avgjerslemynde i framtida*. Heller kan det tyde på at rådet bør dyrke si rolle som

¹⁰ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-9/id2968517/>

¹¹ <https://initiativvest.no/her-er-fem-ting-fra-generalistkommuneutvalet-du-bor-vite/>

ein samarbeidsarena, der ein med anna kan fasilitere drøftingar knytt til samfunnsutviklarrolla (Der kommunar i ein region ofte har same utfordringar og må spele på lag) og som interesseorgan og koordinerande organ der ein har felles interesser.

Sjølv om dei fleste svarer *nei* eller *veit ikkje* på spørsmålet knytt til større avgjerslemynde er det likevel verdt å merke seg at kring 1 av 4 opnar for dette. Dette kan vera eit uttrykk for fleire ting, med anna kan det tenkast at nokre meiner dette kan vera eit alternativ til ytterlegare kommunesamanslåingar.

Vidare er det verdt å merka seg, som det går fram av presentasjonen innleiingsvis, at ikkje alle kommunar på Vestlandet er med i eit interkommunalt politisk råd og at nokre kommunar er med i to interkommunale politiske råd.

Det er naturleg å anta at dette påverkar råda sitt potensiale til å vera eit formalisert bindeledd mellom dei ulike forvaltningsnivåa. Dersom råda skulle ha fått meir avgjerslemynde eller skulle kunne ha hatt ei formalisert rolle som bindeledd mellom ulike forvaltningsnivå ville det truleg difor vore både føremålstenleg og naud naudsynt med ei drøfting av om alle kommunar bør vera pålagt å vera med i *eitt* råd.

At ordførarane i stort svarar positivt både til at ein greier å lande felles prioriteringar og at rådet bidreg til at deira kommune får auka påverknadskraft syner at rådet har ei rolle å spele som interesseorgan, og at det er eit potensiale for å dyrke denne rolla framover. I mange kommunar er denne type jobb, ikkje minst opp mot regionale og nasjonale prosessar, ein jobb som i stor grad fell på ordførarane aleine. Difor kan eit fellesskap som dei interkommunale politiske råda vera ein godt eigna arena for denne type arbeid.

Det er fleire ting i funna i dette notatet som peikar i retning av at det finnast eit potensiale i råda som ikkje vert utnytta i dag. Til dømes vil det kunne vera eit interessant bidrag til å styrka samarbeidet på Vestlandet om råda hadde fått ei meir formalisert rolle i prosessar, som til dømes i NTP-prosessen.

Dersom dei interkommunale politiske råda skulle hatt ei meir formalisert rolle i ein framtidig

NTP-prosess, eller i liknande prosessar, er det fleire forhold som framgår av dette arbeidet som bør adresserast. For det fyrste er det ei klar utfordring at ikkje alle kommunar er med i eit slikt råd. Det kan derimot løysast gjennom at Stavanger og Bergen har dialog med fylkeskommunane i kraft av seg sjølv, eller som ein samla byregion. Det er ein modell ein kjenner godt frå ein samferdsleprosess, nemleg forhandlingane om byvekstsavtalar.

Vidare kan det potensielt vera ei utfordring for råda si evne til å prioritere at det er nokre kommunar som deltek i fleire råd. Dette kan både løysast gjennom at kommunane vel kven av råda dei vil delta i prosessen gjennom, eller at dei opent og transparent deltek i begge. Til sjuande og sist vil det vera på fylkeskommunalt nivå dei fylkesvise prioriteringane vert landa uansett, så det er eit problem det bør vera mogleg å handtere.

Ei større utfordring er det at ikkje alle kommunar deltek i eit interkommunalt politisk råd. Til dømes ville det vore ei stor utfordring for ein slik modell at Voss som den største kommunen i sin region ikkje deltek i eit slikt samarbeidsråd. Ein måte å løyse dette på er at dei «møter» fylkeskommunen saman med nærmaste råd. Men ein slik modell har også sine utfordrande sider. Det går med anna fram av saka til Voss heradsstyre 2021 der ein nettopp peika på at erfaringa frå tidlegare var at utfordringane og konfliktane internt i regionane var større enn dei felles interessene, noko som med anna kom til syne gjennom samferdsleprioriteringar og lokalisering av statlege arbeidsplassar.

Dette og liknande saker og medieoppslag synleggjer at utfordringane med ein modell der dei interkommunale politiske råda fekk ei større rolle i prioriteringane i einskilde regionar absolutt er til stades, både i dei regionane der nokre kommunar ikkje deltek i råd og i regionar der alle deltek i råd. Likevel meiner eg det går an å argumentere for at ein gjennom å formalisere ei slik rolle, der ein flyttar meir makt nedover til råda, vil kunne styrke både den felles prioriteringa og deretter evna til å stå samla i etterkant. Til sjuande og sist er det som i dag fylkeskommunale politikarar som får ansvaret for den endelege prioriteringa, men med ein slik modell kan ein tenke seg at jobben deira kunne bli litt enklare.

Det vil vera ei styrke for samarbeidet på Vestlandet om vi får ein debatt om kva rolle desse råda skal ha framover. Funn og anbefalingar i dette notatet kan vera ein stad å byrja.

Initiativ Vest er ei uavhengig tankesmie som skal bidra til samfunnsutviklinga på Vestlandet. Vi meiner eit styrkja samarbeid på Vestlandet er naudsynt for å utløyse det store potensialet som fins her. Initiativ Vest skal synleggjera moglegheiter og utfordringar i regionen og bidra til ordskiptet på Vestlandet og i Noreg gjennom formidling av kunnskap, meiningar og framlegg som bidreg til den utviklinga vi ynskjer.

Utgreiingar, meiningar og anbefalingar som kjem fram i våre publikasjonar er forfattar(ane) sine eigne.

Om du finn feil eller manglar i notatet vil vi setje stor pris på ei attendemelding til tommy@initiativvest.no slik at vi kan oppklåra og eventuelt justere.